



GALTERÅSEN 7C AS
Galteråsen 4
5916 ISDALSTØ

Att. Helge Sandvik

Manglende opplysningar – varsel om avslag på søknad Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

Gnr 137 Bnr 807 Lindås - Galteråsen 7 - Isdalstø - H. Sandvik AS - Nytt Bygg

Vi viser til:

- Søknad av 15.01.2018 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9, fra Helgesen Tekniske Bygg AS, 5281 Valestrandsfossen.
- Vedtak av 05.03.2018, om samtykke på vilkår
- Søknad av 11.09.2018 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 fra Helgesen Tekniske Bygg AS, for utleigearreal.

I vedtak av 05.03.2018, vart det gitt samtykke på vilkår for nytt bygg med lager- og kontorlokale. Delar av bygget var leigd ut til Statens Vegvesen (akse 1-6), medan andre utleigelokale ikkje hadde leigetakar på tidspunkt for søknad. Arbeidstilsynet sette vilkår om seinare søknad for ledig lokale når leigetakar var avklart, samt dokumentasjon av inneklima.

I søknad av 11.09.2018, er det søkt om samtykke for lokale i plan 1 som skal nyttast av Reklamehuset Produksjon AS, og planar for kontorlokale i plan 2. Vidare er det også lagt ved dokumentasjon av inneklima.

Saman med søknaden har vi mottatt kopi av søknad til kommunen om endring av gitt tillatelse, dokumentasjon av inneklima, skriv med informasjon om tiltaket og vurdering av arbeidsmiljøfaktorar, samt teikningar av plan og fasade.

Manglende opplysningar

Ein søknad om samtykke til Arbeidstilsynet skal dokumentere at rammene i bygget er utforma slik at sikkerheita, helsa og velferda til arbeidstakarane er tatt vare på både på søknadstidspunktet og i framtida ved at arbeidsplassar og arbeidslokale er lagde til rette og utforma med tanke på arbeidet som skal utførast, den enkelte arbeidstakaren og særskilde risikoforhold.



Arbeidstilsynet

I vedlegg til søknaden, med beskriving av tiltaket, går det fram at ein søker om samtykke for arealer i akse 6 – 12 i begge etasjane. I plan 1 skal Reklamehuset Produksjon AS leige lokala, medan leigetakar for kontorareal i plan 2 ikkje er avklart endå.

Før Arbeidstilsynet kan behandle saka ferdig og eventuelt gjere vedtak om samtykke, treng vi desse tilleggsopplysningane:

1. Ifølgje arbeidsmiljølova § 7-2(2) bokstav c) skal arbeidsmiljøutvalet handsame planar som krev Arbeidstilsynet sitt samtykke i medhald av arbeidsmiljølova § 18-9. I verksemد som ikkje har arbeidsmiljøutval skal verneombodet vurdere å gi uttale om saker som nemnt i arbeidsmiljølova § 7-2(2), jf. forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 2-2 og forskrift om administrative ordninger på arbeidsmiljølovens område § 12-1.

I vedlagt vurdering av arbeidsmiljøfaktorar går det fram at ein ikkje har dokumentert medverknad frå tilsette sidan verksemda ikkje er pliktig til å ha verneombod, jf. arbeidsmiljølova § 6-1(1).

Vi gjer merksam på at ved avtale om anna ordning enn verneombod må medverknad dokumenterast ved at representant for arbeidstakarane har vurdert og uttalt seg om planane. Sjå følgjande lenke for rettleiing om krav til medverknad:

<https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veileding-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-medvirkning-ved-nybygg/>

2. Ifølgje arbeidsmiljølova § 4-4(1) skal fysiske arbeidsmiljøfaktorar som inneklima vere fullt forsvarleg. I forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler § 2-14 er det også sett krav om tilfredsstillande klima, mellom anna med omsyn til luftkvalitet og temperatur.

I tilbakemelding av 11.09.2018 er det lagt ved sjekkliste for dokumentasjon av inneklima, men vi kan ikkje sjå å ha motteke meir enn side ein. Vi må få fullstendig dokumentasjon som viser tilfredsstillande inneklima før vi kan vurdere vilkår for å vere oppfylt.

Sjå følgjande lenke for rettleiing om krav til ventilasjon:

<https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veileding-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-ventilasjon/>

3. Ifølgje forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler (arbeidsplassforskriften) § 3-4 skal arbeidsplassar normalt ha åtskilde garderobar for kvinner og menn. Ifølgje kommentar til § 3-4 er åtskilde garderobar hovudregelen. Kvar arbeidstakar skal ha tilstrekkeleg plass til opphenging av klede. Vidare skal det vere tilstrekkeleg plass til å skifte, og garderobe skal gi arbeidstakar moglegheit for å låse inn kleda i arbeidstida. Ifølgje arbeidsplassforskriften § 2-4 skal personalrom vere utforma slik at ein tek omsyn til at arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne kan arbeide i verksemda. Garderobe må dermed også vere dimensjonert for rullestolbrukarar.



Etter Arbeidstilsynets forvaltningspraksis kan ein godta felles garderobe i verksemd med færre enn åtte arbeidstakarar og der arbeidets art eller helsemessige forhold ikkje gjer det nødvendig å skifte til arbeidstøy og/eller dusje.

I vedlagt skriv med informasjon om tiltaket, er det opplyst at ein har planløysing med, mellom anna, garderobar. Men det går ikkje fram garderobar i planteikningar som vi har mottatt.

Som nemnt ovanfor er det også krav om garderobe i verksemd der det ikkje er behov for å skifte til arbeidsklede. Vi gjer merksam på moglegheit for å lage til garderobar som er felles for fleire verksemder, dersom ein også har moglegheit for å henge frå seg ytterklede i nærleiken av arbeidsplassen og kan låse inn verdisaker, sjå følgjande lenke for rettleiing om krav til garderobar på arbeidsplassen: <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veileddning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-garderober-pa-arbeidsplassen/>

4. Vi må få sendt over snitt-teikning av lokala. Sjå følgjande lenke for informasjon om kva som skal følgje med søknad om samtykke: <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/>

For ordens skyld opplyser vi om at kommunen ikkje kan gi løyve til å sette i gang byggearbeida før Arbeidstilsynet har gitt samtykke, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

Lindås kommune blir med ein kopi av dette brevet gjord merksam på at Arbeidstilsynet ikkje har gitt samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9.

Kva må de gjere?

Ei skriftleg tilbakemelding med utgreiing og dokumentasjon for kvart av punkta over må sendast til oss innan 17.10.2018. Dersom vi ikkje innan fristen har fått dei tilleggsopplysningane vi ber om over, vil vi avslå søknaden om samtykke basert på opplysningane i søknaden slik han ligg føre no.

De kan klage

Kravet om ytterlegare opplysningar har heimel i arbeidsmiljølova § 18-5. De kan klage dersom de meiner at de ikkje har plikt eller lov til å gi frå dykk desse opplysningane, jf. forvaltningslova § 14. Fristen for å klage er tre dagar frå de får dette brevet. For nærmare opplysningar om klageinstans og framgangsmåte, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi sender kopi av vedtaket til Reklamehuset Produksjon AS som arbeidsgjevar. Vi ber om at arbeidsgjevar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, gir du kopien til representant for dei tilsette.



Behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på www.arbeidstilsynet.no eller www.regelhjelp.no, eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

Arbeidstilsynet gjer oppmerksam på at det er innført ny blankett 5177 som skal brukast ved søknad om samtykke. Endringane består i hovedsak av opplysningar knytte til fakturamottakar. Blakett finst her: www.dibk.no.

Vi ber om at de viser til vår referanse 2018/6423 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing
Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B Lægland

tilsynsleder
(sign.)

Per Kristian Fonn
Senioringeniør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

HELGESEN TEKNISKE BYGG AS	Torbjørn Hovden	Valestrand	5281	VALESTRANDSFOSSEN
LINDÅS KOMMUNE v/avd. for byggesak		Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
REKLAMEHUSET PRODUKSJON AS		Kvassnesvegen 44	5914	ISDALSTØ